

ÅRSPLAN

2025/2026

Nipa barnehage

Kontakt-info:

Cindy Mjåseth
Styrar 100%

95 72 63 46
Cindy.mjaseth@askvoll.kommune.no

Administrasjon

45 97 41 30

Avdelingane:

Krabbe/kreps
Storbarnsavdeling

45 63 229 4
Lillian Heggøy / pedagogisk leiar

Reke
småbarnsavdeling

45 63 38 76
Siv Gjendemsjø Tangedal / pedagogisk
leiar

Barnehagerute for Nipa barnehage – 2025/2026

Månad	Merknader
August	• Planleggingsdag 15 august – felles i kommunen i lag med mobbeombodet. • 18 august – oppstart nytt barnehageår
September	
Oktober	• Haustferie på skulen – veke 41, gi beskjed om barnet ditt tek fri.
November	• Planleggingsdag fredag 07.november – felles i kommunen.
Desember	• Juleferie 24 desember til mandag 5 januar. Barnehagen er stengt (24 til 2.januar).
Januar	• Planleggingsdag fredag 2.januar.
Februar	• Vinterferie på skulen - veke 8, gi beskjed om barnet ditt tek fri.
Mars	• Planleggingsdag måndag 9.mars.
April	• Påskeferie veke 14 – barnehagen stengt 27.mars til 7 april.
Mai	• Planleggingsdag fredag 15.mai
Juni	
Juli	• Barnehagen feriestengt veke 30, 31 og 32.

Opningstid:

- **06.40-15.45** (*Kjernetid 10-14*)
- Frukost 7.30-8.30

Mål:

Alle born skal ha ein god barnehage med trygge varme vaksne, der ein kan få utvikle seg gjennom lek og læring.

Vår visjon:

Alle barn skal bli sett, høyrte og forstått.

Vårt barnesyn:

Vi ser på barn som nysgjerrige, skapande og kreative personar. Kvart barn er verdifullt og skal bli sett og høyrte. Vi jobbar for at barnehagen skal være ein trygg og god stad å være.

Personalet skal:

- Reflektere over eigne haldningar.
- Oppfordre barn til å delta i lek og aktivitetar uavhengig av kjønn.
- Ha fokus på barnet som individ.
- Vi jobbar med relasjon, og har fokus på kva relasjonar vi har til både barn og vaksne.

Billedokumentasjon:

Avdelingane brukar Visma, «min barnehage» til billedokumentasjon. Elles vil det henge opp kopiert på avdelinga inn i mellom.

Generell informasjon:

- Eit godt samarbeid mellom foreldre/føresette og barnehagen er viktig.
- Dei daglege møta og den uformelle kontakten rundt barna er avgjerande for ein god dialog.
- Ved sjukdom er det allmenntilstanden til barnet som avgjer om barnet bør vere heime frå barnehagen.
- Ved oppkast og diare følger vi folkehelseinstituttet sitt råd om 48 timars regel etter siste oppkast/diare.
- **Opningstid:** 06.40 til 15.45
- **Ekstra dagar i barnehagen:** Ein har høve til og kjøpe ekstra dagar om vi har tilstrekkeleg med personale. Pris per dag 265kr, det er same om det er heil eller halv dag.
- **For seint henta born:** Askvoll kommune har vedteke at for seint henta born blir belasta med 164kr for kvar påbegynte halvtime.
- **Merking av klede:** alle klede SKAL være merka, også arveklede.
- **Vogner:** Det er de som foreldre sitt ansvar og sjekke at vogna er i god stand med selar, regn- og myggtrekk.
- **Måltid:**

07.30 – frukost

09.00- frukt

11.30 – lunsj

14.30 – frukt og knekkebrød

Vi markerer bursdagar med flagg og frukt.

- Planleggingsdagar: Vi har fem planleggingsdagar i løpet av barnehage året. Foreldre/føresette betalar ikkje for desse dagane. Oversikt over planleggingsdagar finn dykk øvst i dette dokumentet.

Personale Nipa 25/26

- Pedagogisk leiar: - Lillian Heggøy 100%
- Fagarbeidar - Lindy Renate Nygård 100%
- Fagarbeidar - Marion Mjåseth 40%
- Pedagogisk leiar - Siv Tangedal 100%
- Styrar - Cindy Mjåseth 100%

Administrasjon:

Styrar: Cindy Mjåseth 100%

- Kontor 60% og 40% på avdeling.

Om det kjem endringar undervegs blir dykk oppdatert i Visma barnehage app.

Samarbeid

Atløy skule og Nipa barnehage:

- I frå veka etter vinterferien start vi førskuleaktivitetar i lag med 1 til 2 trinn, der vi og fokusera på overgang barnehage-skule.
- Vi nyttar både uteområdet og gymsalen aktivt i kvardagen.
- SFO er med oss kvar morgon til kl.08.00, også er dei inne hos oss på onsdagar.

Foreldresamarbeid:

Samarbeidet heim- barnehage er viktig for at barnet skal ha det best mogleg i barnehagen. Det er de som foreldre som kjenner barna best, og

det er viktig at heim og barnehage har eit godt samarbeid for å tilretteleggje gode dagar i barnehagen for borna.

Det meste av samarbeidet mellom heim og barnehage skjer i henting og leveringsituasjon. Ta dykk tid til ein prat med personale om det er mogleg, vi svarar gjerne om noko er uklart. Ein har og moglegheit og sende melding i app, om ein skulle kome på noko. Elles kan ein ta kontakt med styrar på tlf. og e-post, sjå kontakt informasjon øvst.

Personale i barnehagen har forventningar om det er saker ein tenkjer på, er det føresette sitt ansvar å ta kontakt med personale for dialog. Vi råder å ikkje vente til utviklingssamtale om det er noko som kan endrast/betrast. Vi ynskjer eit godt samarbeid i barnehagen, og det må gå begge vegar for at vi skal få det til på ein god måte.

Fristar

I løpet av barnehage året vil det kome meldingar om svarfrist i forhold til feriar, foreldreundersøkingar med meir. Her forventar vi at ein som føresette held fristane som respekt til jobben vi gjer, då vi jobbar kontinuerleg med og ha eit tilfredsstillande barnehagetilbod i forhold til bemanning og kvalitet i Nipa barnehage. Foreldreundersøkingane skal og være eit verkety slik at vi kan være i utvikling og levere eit godt pedagogisk barnehagetilbod, for å gjere det treng vi føresette som svarer.

Henting:

- Om nokon andre en de som føresette skal hente barnet, **SKAL** dykk informere personale. Send ei melding i app, då sikrar du at alle i personale får same informasjon.

- Sender ein melding i min barnehage-app og ikkje får svar, MÅ dykk ringe ved til dømes at barn skal med buss.

Foreldresamtale

- Personalet på avdelingane førebur ei skildring av barnet sin kvardag i barnehagen, medan ein pedagog gjennomfører foreldresamtalen. Samtalen skal spegle barnet sin kvardag, meistring og trivsel slik vi ser det i barnehagekvardagen. Informer oss gjerne om det er noko de ønskjer å ta opp. Alle skal ha ein samtale på hausten, og får tilbod om ein samtale på våren.

Formelt arbeid:

- **Foreldreråd**

Det er alle føresette i barnehagen.

- **Foreldremøte**

Barnehagen har eit foreldremøte på hausten, og eit på våren. Foreldremøte startar med eit foreldreråd. Der har foreldre moglegheit til å drøfte det dei ønsker, utan at personalet er til stade. Det vert val av foreldrerådsleiar, vara og 2 dugnadsleiarar. Vervet er for eit år i gongen. Etter felles foreldremøte deler vi oss avdelingsvis.

- **Samarbeidsutvalet**

På det første foreldremøte på hausten vel ein ny representant til SU, samt dugnadsleiarar. SU har to møter i året, og oppgåvene går ut på blant anna og godkjenne barnehageruta og årsplanen til barnehagen.

Samarbeidsutvalet består av 1 representant frå foreldregruppa og 1 frå personalet, og ein person frå kommunen. SU har som oppgåve å vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ mellom heim og barnehage.

Uformelt arbeid

Vi i Nipa barnehage ynskjer at vi skal ha eit tett samarbeid og god dialog i lag med dykk som føresette. Dialogen mellom foreldre og barnehage er viktig i arbeidet mot å legge til rette for kvart enkelt barn. Er det informasjon de som føresette meiner vi treng i arbeidet vårt, så sett vi pris på at ein tar seg tid til og gi den informasjonen ved levering, henting eller ein legg at ei melding i app. Det kan være utfordrande i «rushtid» for personale og gi tilstrekkeleg med informasjon grunna mindre bemanning. Det er viktig for barna at barnehage og heim har ein lav terskel for å ta kontakt med kvarandre. Om det er ting ein lurar på, eller kjenner ein treng å snakke om, spør oss gjerne om ein samtale 😊

Nummer til styrar og avdelingane finn dykk øvst i årsplanen.

Vi har og ein del samarbeidspartnarar i Nipa barnehagen og under vil dykk få litt meir kjennskap til dei:

Samarbeidspartnarar:

Skulen

- I Nipa er vi heldige og få bu vegg i vegg med skulen, og vi er i dagleg dialog med både elevar og tilsette. Vi er og så heldige at SFO startar kvar morgon med oss, og er inne hos oss onsdagar. Eit tett samarbeid på tvers av barnehage og skule er med på og bygge

overgangen frå barnehage til skule enklare. Vi opplever at samarbeidet er til glede for både små og store.

Helsestasjonen

- Barnehagen har god kontakt med helsestasjonen, blant anna via tverrfaglege møter gjennom året. Helsestasjonen tek kontakt med barnehagen, eller omvendt, når ein ser vi kan nytte kvarandre sin kompetanse. Helsestasjonen skal arbeide for god fysisk og psykisk helse, fremme gode sosiale- og miljømessige forhold, samt førebygge sjukdom og skade.

Barnevernet

- Barnevernet kan hjelpe med ulike tiltak, blant anna barnehageplass, støttekontakt, avlastningstiltak i heimen, besøksheim, foreldrestøttande tiltak og økonomisk stønad. Ved behov har vi kontakt med barnevernet, og vi har etter lova plikt til være ein opplysningspartner til barnevernet, samt når dei skal innhente opplysningar til saksutgreiing.

PPT

- PPT skal hjelpe barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling både for personalet, foreldre, avdelinga og

enkeltbarn. Barnehage-tilbudet skal leggest til rette for barn med særlege behov.

BUP:

- Vi har samtalar og stiller barnehagen til disposisjon for observasjonar ved behov. Ved slike høve er foreldre alltid informert og har gjeve samtykke.

NAV:

- Vi kan ta imot elvar frå opplæringscenteret og samarbeider med NAV i høve arbeidstrening.

Tverrfagleg team:

- I Askvoll kommune har vi og tverrfagleg team som består av ulike instansar som t.d. helsestasjon, PPT, kommune psykolog, lege osv. Her kan foreldre, barnehage og skule melde inn saker på

lågterskelnivå, der ein får råd og rettleiing frå dei ulike instansane som er relevant.

Mobbeombodet

- Både foreldre og barnehagen kan ta kontakt for å få råd og rettleiing i vanskelege saker som er knytt mot samspelet mellom borna

Fagområda i Rammeplanen for barnehagen

Rammeplanen har sju fagområdet barnehagen jobbar med kontinuerleg. Der eit tverrfagleg arbeid der fagområda og relasjonsbygginga går hand i hand. Jobbar vi med eksempel med antal, rom og form, jobbar vi samstundes med sosialkompetanse som å vente på tur, og å respektere andre. Jobbar vi med mat og helse i kjøkkenleik, har vi fokus på gode samspel i leiken som er med å fremje god relasjonsbygging og tilhøyrgheitsskjenle.

Dei 7 fagområda i Rammeplanen er:

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, bevegelse, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Antal, rom og form.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn.

Nyttige lenkjer

- [FUB - Et nasjonalt utvalg for foreldre med barn i barnehage \(foreldreutvalgene.no\)](http://foreldreutvalgene.no)
- [Kvalitet i barnehagen - Askvoll kommune - startsidan](#)

august

2025

Velkommen til nytt barnehage-år

August er månaden for tilvenning. Det er tilvenning for dei minste som møter barnehagen for fyrste gong, men også for alle barn som skiftar avdeling. Personalet skal bli kjent med ny barnegruppe, nye foreldre og nytt personale. Å legge til rette for ein god og trygg start er viktig for alle. Ta kontakt med avdelinga eller styrar om det skulle vere noko.

Vi ønsker lykke til med barnehagestart 😊



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
				1	2	3
4	5	6	7	8	9	10
11	12	13 Foreldremøte 17.30 til 19.00	14	15 Planleggingsdag Barnehagen stengt	16	17
18 OPPSTART NYTT BHG ÅR	19	20	21	22	23	24
25	26	27	28	29	30	31

september

2025

Tilvenning

Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Det er barnet sitt behov som må styre tilvenningstida.

Det er viktig å skape gode rutinar for tilkomst og avskjed i barnehagen. Vær tydeleg på at når du går, seier du «hadet» til barnet. Når barnet får ei positiv oppleving av barnehagestart, sikrar det langt på veg barnets vidare tryggleik og trivsel i barnehagen.



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
1	2	3	4	5	6	7
8	9	10	11	12	13	14
15	16	17	18	19	20	21
22	23	24	25 SU- MØTE 15.45 TIL 16.45	26	27	28
29	30					

oktober

2025

Leik og vennskap

Gjennom leik får barnet erfaring i å forhandle, finne gode løysningar, lytte til andre og, ta omsyn. Leiken er også ein av dei viktigaste arenaane for utvikling av språk. Gjennom leik blir vennskap til. Vennskap er viktig for å trivast i barnehagen, og er med å forhindre mobbing



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
		1	2	3	4	5
6	7	8	9	10	11	12
13	14	15	16 Krabbefest – info i app.	17	18	19
20	21	22	23	24 FN-dagen	25	26
27	28	29	30	31		

Hautferie på skulen veke 41, gi beskjed om barnet ditt tek fri.

november

2025

Høgtlesing

Barn lærer ord ved å høyre ord. Gjennom høgtlesing får barnet tilgang til eit rikt og variert språk. Forsking viser at høgtlesing for barn har stor innverknad på lese- og skriveutviklinga seinare i livet. Bruk gjerne biblioteket på Askvoll til lån av bøker - det er gratis, og dei hjelp deg med å finne bøker tilpassa alder, språk og interesse.

Åpningstider biblioteket i Askvoll:

Tysdag: 10-15
Onsdag: 10-15
Torsdag: 12-19
Laurdagsope: fyrste lørdag kvar mnd: kl.10-14

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
					1	2
3	4	5	6	7 Planleggingsdag Barnehagen stengt	8	9
10	11	12	13	14	15	16
17	18	19	20	21	22	23
24	25	26	27	28	29	30

desember

2025

Felleskap og glede

Barna skal få kjennskap og opplevingar til tradisjonar rundt jula. Vi vil formidle historier om julenissen, synge tradisjonelle julesongar, lage julegåver, bake peparkaker og har vårt eige julebord.



Vi ønsker at desember skal vere ein måned fylt med fellesskap, kos og glede i barnehagen.

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
1	2	3	4 JULEBORD 😊	5	6	7
8	9	10	11	12	13	14
15	16	17	18	19	20	21
22	23	24	25	26	27	28
29	30	31				

Sistedag i barnehagen før jul blir tysdag23 desember

Ønsker alle ei riktig god jul, og eit strålende nytt år!

januar

2026

Vinter

Vinteren byr på snø, is og kulde. I Rammeplanen står det et barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.

Det er viktig at barna til ei kvar tid har tilgjengeleg kle knytt til årstida. Sjekk gjerne hylla til baret ditt dagleg for våte kle, og fyll på med byttekle ved behov.

ULL er GULL 😊



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
			1	2 Planleggingsdag Barnehagen stengt	3	4
5	6	7	8	9	10	11
12	13	14	15	16	17	18
19	20	21	22	23	24	25
26	27	28	29	30	31	

februar

2026

Kropp og rørsle

Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder kan vare livet ut. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre. Dei skal oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna opplever trivsel, glede og meistring ved allsidig rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt.



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
						1
2	3	4	5	6 Samanes nasjonaldag	7	8
9	10	11	12	13	14	15
16	17	18	19	20	21	22
23	24	25	26	27	28	

Vinterferie på skulen: 17-21.feb: Gi beskjed om barnet ditt tek fri.

mars

2026

Nærmiljø og samfunn

Vi har mange flotte tur områder rundt oss. Vi er nært knytt strand, skog og fjell, klatrepark, fotball bane, gapahuk med meir. Avdelingane er flinke å nytte nærområde både for korte og lengre turar.

Rammeplanen seier at gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunn og verda.



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
						1
2	3	4	5	6	7	8
9 Planleggingsdag Barnehagen stengt	10 BARNEHAGEDAGEN 2025	11	12	13	14	15
16	17	18	19	20	21	22
23	24	25	26 SU – MØTE 15.45 TIL 16.45	27	28	29
30	31					

april

2026

Påske og tradisjonar

Barnehagen skal bidra til at barna får kjennskap til grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen. Gjennom samtale og undring skal barn få høve til sjølv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik kan barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.

PÅSKFERIE/ STENGT: påskeferien er frå måndag 14 til tysdag 22 april, då er nipa barnehage stengt.



Laurdag	Laurdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
		1	2	3	4	5
6 2.påskedag	7	8	9	10	11	12
13	14	15	16	17	18	19
20	21	22	23	24	25	26
27	28	29	30			

HUSK OG MELD INN SOMMARFERIE INNAN 01 MAI.

mai

2026

Tilvenning for skulebarn og barn på ny avdeling

Denne månaden er det innskriving, tilvenning og faste besøksdagar til skulen for førskulebarn. Dei små som skal starte på stor avdeling er begynt og forberede seg til det. Vi snakkar om tida som kjem, og jobbar mot at alle skal få moglegheita til å bli kjent og trygg på ein ny plass. Mai er og ein måned med mange offentlege høgtidsdagar, og vi har fokus på og belyse dette for borna, og historie knytt bak det.



Laurdag	Laurdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
				1 Arbeidaranes dag	2	3
4	5	6	7	8	9	10
11	12	13	14 Kristi himmelfartsdag	15 Planleggingsdag Barnehagen stengt	16	17
18	19	20	21	22	23	24
25 2 pinsedag	26	27	28	29	30	31

Mange rødedagar i mai-sjekk ut når barnehagen er stengt.

juni

2026

Tema: Sommar og mangfald



Sommar og mangfald

I juni har vi valt å ha fokus på tema mangfald. Rammeplanen seier at barnehagen skal fremme respekt for menneskeverdet ved å synleg gjære, verdsette og fremme mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finnst mange måtar å tenke, handle og leve på. Barnehagen skal synleggjere variasjonar i verdiar, religion og livssyn.

Denne månaden har vi sommarfest, også har vi ein markering av ungane som skal byrje på skulen. Dette får ein meir informasjon når ein kjem i juni måned. 😊

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
1	2	3	4 Sommarfest 😊	5	6	7
8	9	10	11	12	13	14
15	16	17	18	19	20	21
22	23	24	25	26	27	28
29	30					

Ønsker alle ein solrik og minnerik sommar, god ferie når den tid kjem 😊